

Om digital post frå kommunen

Dette med digital post **er ikkje noko kommunen har funne på sjølv** – det er ein del av ein nasjonal **digitaliseringsstrategi for offentleg sektor som me må følge**. Tidlegare måtte ein seie ja før ein fekk digital post frå det offentlege. No er regelen endra, slik at offentleg post blir sendt digitalt med mindre ein har reservert seg.

Kort forklaring:

- **e-Boks og Digipost** er digitale postkasser som innbyggjarar sjølv har aktivt oppretta/vald gjennom Norge.no. Kommunen kan ikkje endre dette for deg.
- Dersom du ikkje har vald digital postkasse, blir digital post levert i **Altinn**.
- For å **lese digital post og gjere endringar i opplysningar** må du logge inn med **BankID eller minID (elektronisk ID)**.

Eg vil heller ha papirpost.

Det går heilt fint. Då må du reservere deg mot digital post. Det gjer du ved å logge inn på Norge.no med BankID /minID og velje papirpost. Når du har reservert deg, vil offentlege brev bli sendt på papir igjen.

Kvifor kjem posten digitalt?

Det som har skjedd, er at posten frå kommunen ikkje lenger kjem i vanleg postkasse, men i ei digital postkasse på nett. Dette er ikkje noko kommunen har bestemt for deg personleg – det er ein del av ei nasjonal ordning frå staten, der offentlege brev blir sende digitalt som standard. Dette er fordi offentlege brev skal kome raskare fram, vere tryggare, og slik at ein kan sjekke om brev har komme fram.

Men eg har aldri sagt ja til dette?

Det er mange som seier det. Ofte har det skjedd for lenge sidan, eller i ein annan samanheng, utan at ein har tenkt over det.

Digital post kan til dømes ha blitt aktivert då ein logga inn med BankID for å sjekke skatt eller meldingar i Altinn, oppdaterte kontaktinformasjon, eller fekk hjelp av familie eller andre til å ordne noko på nett.

Du kan òg ringe Norge.no for hjelp til å gjere endringer

Dei kan svare på spørsmål om MinID, digital postkasse og meldingar frå det offentlege, og hjelpe deg om du vil ha post på papir i staden for digitalt.

Telefon: 800 30 300. Opent kvardagar kl. 09–15.

Lenke med kontaktinfo - [Hjelp og kontakt | Norge.no](#)

